



Hordaland Fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2112 - 15/31152

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

30.09.2015

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 - 2. gongs høyring

Vedlagt saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

Christian H. Reinshol

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
139/15	Plan- og miljøutvalet	PS	23.09.2015
093/15	Kommunestyret	PS	24.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinhol	14/2112

Høyring - 2. gongs høyring av Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Vedlegg:

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021hoyringsraporthandlingsprogramreviderte-miljomaltiltakstabellverknad-for-vasskraft

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune tek endringane i miljømåla for vassførekostane i kommunen til orientering. Kommunen kan ikkje sjå at kunnskapsgrunnlaget dei ulike tiltaka for vassførekostane er basert på, er styrka sidan 1. gangs høyring. Lindås kommune vil halde fast på at det må utarbeidast eit betre kostnadsoverslag for dei enkelte tiltaka før den regionale planen vert vedteken. Handlingsprogrammet bør få fram behov for auka ressursar i kommunane knytt til gjennomføring av tiltak og implementering av den regionale planen i verksemndene. Lindås kommune viser elles til sin uttale til 1. gangs høyring og fastheld dei momenta som vart sett fram der.

Plan- og miljøutvalet - 139/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 23.09.2015:

Lindås kommune tek endringane i miljømåla for vassførekostane i kommunen til orientering. Kommunen kan ikkje sjå at kunnskapsgrunnlaget dei ulike tiltaka for vassførekostane er basert på, er styrka sidan 1. gangs høyring. Lindås kommune vil halde fast på at det må utarbeidast eit betre kostnadsoverslag for dei enkelte tiltaka før den regionale planen vert vedteken. Handlingsprogrammet bør få fram behov for auka ressursar i kommunane knytt til gjennomføring av tiltak og implementering av den regionale planen i verksemndene. Lindås kommune viser elles til sin uttale til 1. gangs høyring og fastheld dei momenta som vart sett fram der.

Kommunestyret - 093/15

KO - behandling:

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart samråystes vedteke.

KO - vedtak:

Lindås kommune tek endringane i miljømåla for vassførekomstane i kommunen til orientering. Kommunen kan ikkje sjå at kunnskapsgrunnlaget dei ulike tiltaka for vassførekomstane er basert på, er styrka sidan 1. gangs høyring. Lindås kommune vil halde fast på at det må utarbeidast eit betre kostnadsoverslag for dei enkelte tiltaka før den regionale planen vert vedteken. Handlingsprogrammet bør få fram behov for auka ressursar i kommunane knytt til gjennomføring av tiltak og implementering av den regionale planen i verksemndene. Lindås kommune viser elles til sin uttale til 1. gangs høyring og fastheld dei momenta som vart sett fram der.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 er no ute på 2. gangs avgrensa høyring. Planen var på 1. gangs høyring i hausthalvåret 2014, og kommunestyret i Lindås gav uttale til den regionale planen.

Tema for 2. gangs høyringa er:

1. Miljømåla for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Nytt i 2. gongs høyring er at alle sterkt modifiserte vassførekomstar har fått konkretiserte miljømål. Mange fleire vassførekomstar enn i høyringsdokumentet i 2014 har fått utsett frist.
2. Reviderte tiltak for å førebygge eller forbetra tilstanden der det er naudsynt.
3. Nytt oppsummerande underkapittel om verknad av planen for vasskraft.
4. Handlingsprogram (nytt).

Planen som no er på høyring inneholder eit samandrag av merknadane som er kome inn, saman med ei oppsummering av dei mest sentrale merknadane og kva endringar som er føreslått på bakgrunn av desse. Vurderinga av Lindås kommune sin merknad er å finne i dokumentet «Høyringsrapport» på side 27-28. Dei første kapitla (s. 5-11) i dette dokumentet tek for seg dei mest sentrale merknadane tematisk.

Lindås kommune peika i sin uttale mellom anna på at det vil vere eit stort behov for å få styrka økonomiske ressursar for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor dei ulike sektorområda. Fylkeskommunen peiker på at dei har gjort endringar i plandokumenta som klargjer enno tydelegare at auka statleg innsats er viktig for å nå måla.

Vidare peika kommunen på at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane er dårleg utgreidd, til dømes at det ikkje er gjort vurderingar eller anslag på kor store kostnader som kan verte knytt til sanering og oppgradering av spreidde avlaupsanlegg og kven som skal stå for kostnadane for dette. Det er heller ikkje vurdert kostnad for oppfølging av tiltaka og sakshandsaming hjå ansvarleg mynde.

Fylkeskommunen kommenterer på dette at det er forureinar som må ta kostnaden knytt til sanering av gamle anlegg.

Kunnskapsgrunnlaget dei føreslårte tiltaka er basert på vart også problematisert av kommunen. Spesielt vart det trekt fram om eit manglande kunnskapsgrunnlag kunne føre til at ein bind seg til tiltak som ikkje har den ynskja effekten i høve kostnadene. Til dette svarar Fylkeskommunen at det til 2. gangs handsaming er gjort ei så omfattande som mogleg kost/nyttevurdering og denne er lagt ved høyringa. Det vert også poengert at tiltaka som er føreslått uansett skal vurderast av aktuell mynde med omsyn til kost/nytte før tiltaket vert gjennomført.

Endringar i miljømål for vassførekomstar i Lindås:

For Lindåspollen og Bakkøysundet er miljømålet føreslått oppnådd tidlegare (GØT frå 2027 til 2021). For Hundvensvatnet er miljømålet føreslått oppnådd seinare (frå GØT 2021 til 2027). For området Bekker Seimsvatnet er miljømålet føreslått oppnådd tidlegare (frå GØT 2027 til 2021). For Seimsfjorden bekkefelt innerst er miljømål føreslått oppnådd tidlegare (frå 2027 til 2021). For Austfjorden bekkefelt vest er miljømål føreslått oppnådd seinare (frå 2021 til 2027). For Liavatnet er miljømål føreslått oppnådd seinare (frå 2021 til 2027).

Endringar i tiltakstabell for vassførekomstar i Lindås:

For Godbotnsvatnet, som er ein del av vassdrag som er bygd ut for vasskraft, er det spesifisert betre kva tiltak som er aktuelle i perioden fram mot 2021. Det er lagt opp til vilkårsrevisjon og problemkartlegging for vassførekomsten. Dette er ein del av vurderingane som er gjort spesielt knytt til vassdrag som er påverka av kraftutbygging. For vassførekomsten Bekker Seimsvatnet er det lagt inn problemkartlegging knytt til utslepp frå landbruket i den oppdaterte tiltaksanalysa. For Fiksetelva er det lagt inn problemkartlegging som tiltak knytt til påverknadskjelda «annan påverknad».

Handlingsprogram:

Det er utarbeidd handlingsprogram for den regionale planen som no er på høyring. Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartner for gjennomføring av planen. Det er og peika på kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram på side 4-6 i handlingsprogrammet. For kommunen er det spesielt gjennomføringa av dei ulike tiltaka som er føreslått for dei ulike vassførekomstane som står sentralt, i tillegg til implementering av den regionale planen i kommunens verksemd.

Vurdering

Hordaland fylkeskommune har i si merknadsvurdering kommentert dei ulike områda Lindås kommune sat fokus på i sin uttale til 1. gangs høyringa av regional plan for vassregion Hordaland. Det vert vist til at ein har teke omsyn til innspela som har kome inn knytt behovet for auka ressursar for oppfølging av planen, ved å ta inn formuleringar i plandokumenta som tydeleggjer dette behovet betre enn det som var tilfelle i dokumenta som var ute til høyring. Sjølv om det ikkje vert løyvd meir pengar på bakgrunn av dette grepet, meiner administrasjonen at fylkeskommunen har følgt opp dette punktet frå kommunen.

Når det gjeld tilhøvet til dei kostnadane som vil kunne verte påført til dømes eigarar av avlaupsanlegg som må sanerast som følgje av tiltaka som er føreslått i dei ulike vassførekomstane, er fylkeskommunen tydeleg på at dette er kostnader som ureinar må stå for. Det er ikkje kommentert noko utover dette, og generelt er fylkeskommunen tydeleg på at kost-/nyttevurderingar knytt til tiltak skal gjerast av den aktuelle sektormynde når ein set i gang med vurderinga om korleis tiltaka skal gjennomførast. Det er altså kommunen som må gjennomføre denne vurderinga og gjere vedtak om tiltaket skal gjennomførast eller ikkje. Det er heller ikkje gjort nokre kostnadsvurderingar knytt til oppgåvane kommunen vil få i høve oppfølging av tiltaka.

Det er i stor grad berre utført ny kost- / nyttevurdering knytt til vassførekomstar som inngår i vasskraftreguleringar. I høve område der det er noko uklart i kva grad kunnskapsgrunnlaget er godt nok, viser fylkeskommunen til at dette må utgreiast nærmare i samband med vurderinga som skal

gjerast av kommunen i høve dei enkelte tiltaka. Det er altså kommunen som må vurdere det enkelte tiltaket opp i mot ei kost- / nytteanalyse når ein skal avgjere om tiltaket skal setjast i verk eller ikkje. Eventuell tilleggsinformasjon som er naudsynt for å gjera ein slik analyse vil då altså måtte framskaffast av kommunen.

Når det gjeld handlingsprogrammet som er lagt på høyring, meiner administrasjonen at handlingsprogrammet gir ei oversiktleg framstilling av dei aktivitetane som må gjennomførast for å sette i verk arbeidet med å nå miljømåla som er sett i den regionale planen. Når det gjeld ressursbehova knytt til å gjennomføre tiltaka i dei enkelte vassførekomstane og implementering i eigen kommune, set administrasjonen spørsmålsteikn ved at det ikkje er vurdert noko ressursbehov for 2016 knytt til at ein skal gjennomføre tiltaksprogrammet som er fastsett. For Lindås kommune vil dette innebere ulike kartleggingsprosesser, vurderingar knytt til dei ulike tiltaka som er føreslått og ikkje minst at føringane den regionale planen må implementerast i dei ulike avdelingane som er knytt til vann- og avlaup, byggesaker, plansaker, m.m. Rapportering og formidling av arbeidet til regionale mynde og aktørar og innbyggjarar i kommunen vil også kunne vere ressurskrevjande.

Når det gjeld dei enkelte tiltaka for vassførekomstar som er justert, har ikkje administrasjonen noko spesielle merknader til dette, men registrerer at enkelte vassførekomstar har fått framskynda tidspunktet miljømåla skal vere oppnådd, medan andre har fått forlenga frist.

Oppsummert meiner administrasjonen at fylkeskommunen i nokon grad har svart på utfordringane knytt til kva tiltak som skal prioriterast, og korleis vurderingane som skal gjerast i høve kva tiltak som skal gjennomførast. Administrasjonen meiner at mykje av belastninga som er knytt til kost- /nyttevurdering av tiltaka og problemkartlegging der påverknad og omfang av denne ikkje er godt nok kartlagt, fell på den enkelte kommune. Det er heller ikkje klargjort kva følgjer den regionale planen kan få for eksempelvis utvikling av nye bustadområde, næringsaktivitet, kommunale VA-anlegg og liknande i kommunane, då den regionale planen vil vere eit styringsverktøy som ein vil ha høve til å fremje motsegn til kommunale planar etter.